

**Utval:** Samferdselsutvalet  
**Møtestad:** Fylkeshuset, Fylkesutvalssalen  
**Dato:** 22.01.2014  
**Tidspunkt:** 11:00-16.30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Torill Helland	Varamedlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Gustav Bahun	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Wenche Tislevoll	Varamedlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Nævdal	Medlem	A
Iiril Schau Johansen	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Torill Helland	Helge Nævdal	A
Wenche Tislevoll	Iiril Schau Johansen	H

---

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
------	----------

Frå Hordaland fylkeskommune	Frå Statens vegvesen
Håkon Rasmussen	Kaisa Tonheim Banne
Rolf Rosenlund	Svein Holmedal

**Underskrift:**

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

\_\_\_\_\_ Rolf Rosenlund \_\_\_\_\_  
 \_\_\_\_\_  
 \_\_\_\_\_  
 \_\_\_\_\_

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/14	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 2/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 3/14	Meldinger		
RS 1/14	Utplassering av piggdekkoblatautomatar på ferjene - Svar på oversendingsforslag	2014/347	
RS 2/14	Svar på spørsmål angående miljøvenleg framdriftsteknologi	2014/64	
RS 3/14	Trafikkdirigering på Nautnes bru i Øygarden - Svar på oversendingsforslag	2014/66	
RS 4/14	Spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag	2014/918	
RS 5/14	Infotavler ved vegstenging - Svar på oversendingsforslag	2014/921	
RS 6/14	Tildeling av tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2013	2014/8	
RS 7/14	Innfartsparkering og busstilbod Ågotnes	2014/472	
RS 8/14	Massetransport på Osvegen - Svar på oversendingsforslag	2014/319	
RS 9/14	Flomproblemer på vegnettet rundt Bergen - Svar på oversendingsforslag	2014/449	
RS 10/14	Moglegheitsstudie Arnatunnel - Svar på oversendingsspørsmål	2014/64	
RS 11/14	Sikring av Askøybrua	2014/392	
RS	Kreftfare ved luftforureining	2014/328	

12/14		
RS 13/14	Forslag til medlemmer til Trygg Trafikks styre for perioden 2014 - 2016	2014/11
RS 14/14	Samla plan for omkøyringsvegar - Svar på oversendingsforslag	2014/914
RS 15/14	Trafikktryggleiken langs Slettestølvegen - Svar på oversendingsforslag	2014/288
RS 16/14	Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 14.01.2014	2014/1017
PS 4/14	Tellevikvegen - gjennomkøyring i rushtida	2014/354
PS 5/14	Høyringsuttale til forslag om endringar i skiltforskrifta m.v.	2014/187
PS 6/14	Søknad om driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS	2014/166
PS 7/14	Uttale til "Forslag til minimum indikatorsett som grunnlag for oppfølging av helhetlige bymiljøavtaler"	2014/54
PS 8/14	Årsmelding for FTR 2013 og budsjett for FTU 2014	2014/555
PS 9/14	Søknad frå Christiania Taxi om etablering av ny taxisentral i Bergen køyreområde	2014/320
PS 10/14	Kollektivstrategi for Hordaland - Høyringsutkast	2014/278
PS 11/14	Evaluering av drosjeverksemda i Bergen køyreområde 2013	2014/427
PS 12/14	Ymse	

## **PS 1/14 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **PS 2/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

## **Vedtak**

Saksprotokoll frå møte 18.11.2013 vart godkjent.

## **PS 3/14 Meldinger**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

Meldingssaker

**Einar Lutro** påpeika tekniske feil ved nokre av meldingane.

Håkon Rasmussen opplyste at ein hadde hatt ein del problem i samband med innføring av nytt sak-arkiv system. Det vil bli rette opp til neste møte.

**Pål Kårbø** stilte spørsmål om utvalet får tilgong til rapporten om trafikktryggleiken langs Slettestølsvegen.

Håkon Rasmussen opplyste at utvalet vil få den.

**Tom Skauge** sette fram fylgjande oversendingar.

Til RS 2/14.

Rådmannen vert beden om å informera SAMU om aktuell maskin- og betteriteknologi for tiltaket.

Til RS 3/14.

Rådmannen vert beden om å legge inn naudsynte bevilgningar for å byggja oppstillingsplass som vist i saka

Til RS 9/14.

Rådmannen tek initiativ til eit betre system for at lokalkunnskap om flomfare og andre risiki for ulykker kan bli meldt inn til vegstyresmaktene.

Til RS/12

Av prinsipp bør det politiske spørsmålet inn i same sak som svaret frå rådmann.

Til RS/14.

Ei kritisk strekning med få omkøyringsalternativ er Arna- Dale. Vil rådmann ta fram den tidlegare høgt prioriterte planen for ferjeavløysningsforbindelse på nordsida av Osterøy gjennom Toskedalen.

**RS 1/14 Utplassering av piggdekkoblatautomatar på ferjene - Svar på oversendingsforslag**

**RS 2/14 Svar på spørsmål angående miljøvenleg framdriftsteknologi**

**RS 3/14 Trafikkdirigering på Nautnes bru i Øygarden - Svar på oversendingsforslag**

**RS 4/14 Spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag**

**RS 5/14 Infotavler ved vegstenging - Svar på oversendingsforslag**

**RS 6/14 Tildeling av tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2013**

**RS 7/14 Innfartsparkering og busstilbod Ågotnes**

**RS 8/14 Massetransport på Osvegen - Svar på oversendingsforslag**

**RS 9/14 Flomproblemer på vegnettet rundt Bergen - Svar på oversendingsforslag**

**RS 10/14 Mogleighetsstudie Arnatunnel - Svar på oversendingsspørsmål**

**RS 11/14 Sikring av Askøybrua**

**RS 12/14 Kreftfare ved luftforureining**

**RS 13/14 Forslag til medlemmer til Trygg Trafikks styre for perioden 2014 - 2016**

**RS 14/14 Samla plan for omkøyringsvegar - Svar på oversendingsforslag**

**RS 15/14 Trafikktryggleiken langs Slettestølvegen - Svar på oversendingsforslag**

**RS 16/14 Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 14.01.2014**

**PS 4/14 Tellevikvegen - gjennomkøyring i rushtida**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

## **PS 5/14 Høyringsuttale til forslag om endringar i skiltforskrifta m.v.**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet er nøgd med føreslegne skiltendringane, omtala i høyringbrevet frå Vegdirektoratet frå 20.11.2013. Det er særleg behov for eit eige skilt som syner hurtigladestasjonar for elbilar.
2. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at fylkeskommunane sin uttalerett i fartsreguleringssaker bør heimlast i skiltforskrifta.
3. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at Regionkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyresmakt for alle offentlege og private vegar, som også vil omfatta Bergen og andre byområde. Fylkesutvalet tek ikkje stilling til forslaget om at skiltmynde for kommunal veg også kan heilt eller delvis vidaredelegerast til politi med god trafikkteknisk kompetanse.
4. Fylkesutvalet stør Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i §34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje vert varsla slik som påbode.

## **PS 6/14 Søknad om driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet løyver kr 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med 250.000	kr
Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med 250.000	kr

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

**Pål Kårbø** melde seg innhabil som styreleiar og dagleg leiar av selskapet Nordhordlandspakken.

**Stein Inge Ryssdal** sette på vegne av utvalet fram forslag til nytt vedtak.

«Samferdselsutvalet vil be om at utvalet snarast og seinast 1. juli 2014 vert gjeve ei orientering om status for Nordhordlandspakken.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med 250.000 kr

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med 250.000 kr

### Vedtak

Samferdselsutvalet vil be om at utvalet snarast og seinast 1. juli 2014 vert gjeve ei orientering om status for Nordhordlandspakken.

## **PS 7/14 Uttale til "Forslag til minimum indikatorsett som grunnlag for oppfølging av helhetlige bymiljøavtaler"**

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positive til etablering av «*helhetlige bymiljøavtaler*» som eit verkemiddel for å bidra til samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg nivå for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikken.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert etablert eit felles sett av indikatorar som skal ligge til grunn ved utforming av den enkelte bymiljøavtale. Fylkesutvalet er samd i at det er viktig å skilje mellom målindikatorar og indikatorar for innsatsområda. Måloppnåing i ei bymiljøavtale bør målast gjennom målindikatorane. Fylkesutvalet støtter i tillegg at det vert etablert indikatorar knytt til innsatsområda for mellom anna å sikre lokal kontroll og oppfølging av virkemiddelbruken. Ei bymiljøavtale må vere basert på eit partnerskap der konsensus mellom avtalepartane om virkemiddelbruken vert lagt til grunn.
3. Fylkesutvalet er skeptisk til at forslaget, samla sett, er svært ressurskrevjande; både på utforming, vedlikehald og rapportering. I den grad det er metodisk forsvarleg bør det, av omsyn til ressursbruk og kontinuitet, tas i bruk data som allereie har eit etablert system for innsamling.

4. Fylkesutvalet ser det som avgjerande at fokus i bymiljøavtalene er gjensidig forpliktande samarbeid. Rapportering på indikatorane bør inngå i eit styringssystem der det også vert høve til å drøfte og avklare kvalitative tilhøve som det ikkje er mogleg å fange opp i eit indikatorsystem.
5. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sitt saksframlegg som ein del av høyringsuttalen.

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

**Alf Helge Greaker** sette fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

«Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet at andre målingar og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standarder og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludera andre typar kvalitetsmålingar».

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 2 og 5 vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 3 og 4 vart vedteke mot 6 røyster (A, SP, SV).

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet er positive til etablering av «*helhetlige bymiljøavtaler*» som eit verkemiddel for å bidra til samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg nivå for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikken.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert etablert eit felles sett av indikatorar som skal ligge til grunn ved utforming av den enkelte bymiljøavtale. Fylkesutvalet er samd i at det er viktig å skilje mellom målindikatorar og indikatorar for innsatsområda. Måloppnåing i ei bymiljøavtale bør målast gjennom målindikatorane. Fylkesutvalet støtter i tillegg at det vert etablert indikatorar knytt til innsatsområda for mellom anna å sikre lokal kontroll og oppfølging av virkemiddelbruken. Ei bymiljøavtale må vere basert på eit partnerskap der konsensus mellom avtalepartane om virkemiddelbruken vert lagt til grunn.
3. Fylkesutvalet er skeptisk til at forslaget, samla sett, er svært ressurskrevjande; både på utforming, vedlikehald og rapportering. I den grad det er metodisk forsvarleg bør det, av omsyn til ressursbruk og kontinuitet, tas i bruk data som allereie har eit etablert system for innsamling.
4. Fylkesutvalet ser det som avgjerande at fokus i bymiljøavtalene er gjensidig forpliktande samarbeid. Rapportering på indikatorane bør inngå i eit styringssystem der det også vert høve til å drøfte og avklare kvalitative tilhøve som det ikkje er mogleg å fange opp i eit indikatorsystem.



5. Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet at andre målinger og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standarder og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludera andre typar kvalitetsmålingar.
6. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sitt saksframlegg som ein del av høyringsuttalen.

## **PS 8/14 Årsmelding for FTR 2013 og budsjett for FTU 2014**

Forslag til vedtak

1. Samferdselsutvalet tek årsmeldinga/rekneskapet for FTR for 2013 til orientering.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Samferdselsutvalet tek årsmeldinga/rekneskapet for FTR for 2013 til orientering.

## **PS 9/14 Søknad frå Christiania Taxi om etablering av ny taxisentral i Bergen køyreområde**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet gjev Christiania Taxi AS konsesjon til å driva drosjesentral i Bergen køyreområde.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 7 røyster (A, SP, SV, KRF).

## **Innstilling**

1. Fylkesutvalet gjev Christiania Taxi AS konsesjon til å driva drosjesentral i Bergen k yreomr de.

## **PS 10/14 Kollektivstrategi for Hordaland - H yringsutkast**

Forslag til innstilling

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med   utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt p  h yring med h yringsfrist 28. mars 2014.

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014**

**Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag

Adminstrasjonen legg fram sak med tid og kostnader som k  p  vegane gjev bussane som k yrer for Skyss.

### **Forslag fr  eit samla utval**

Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland ogs  b r omtala grensesnittet mot drosjen ringa. I tillegg b r det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen.

### **R y sting**

Fylkesr dmannen sitt forslag til innstilling vart samr ystes vedteke.  
Samferdselsutvalet sitt tillegg vart samr ystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med   utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt p  h yring med h yringsfrist 28. mars 2014.
3. Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland ogs  b r omtala grensesnittet mot drosjen ringa. I tillegg b r det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen.

### **Oversendingsforslag fr  Tom Skauge**

Adminstrasjonen legg fram sak med tid og kostnader som k  p  vegane gjev bussane som k yrer for Skyss.

# PS 11/14 Evaluering av drosjeverksemda i Bergen køyreområde 2013

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemda til orientering, og godkjenner endringa i drosjereglementet slik det går fram av saka.

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

**Pål Kårbø** sette fram slikt forslag.

«Saka vert utsett. Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe som arbeidar nærare med evalueringsrapporten før endeleg handsaming før sommaren.»

### Røysting

Forslaget om utsetjing fekk 7 røyster (A, SP, SV, KRF) og fall.

**Stein Inge Ryssdal** sette på vegne av H, FRP, KRF fram forslag til vedtak.

«Samferdselsutvalet vil be om at det innan 01.06.2014 vert lagt fram ei sak om korleis det for kvart enkelt løyve kan rapporterast total tid i drift og drift i i periodar med etterspørselspress. Likeeins korleis det kan sanksjonerast mot løyve som er lite i bruk. Nødvendige endringar av reglementet som fylgje av dette bør handsamast i saka.»

**Pål Kårbø** sette fram forslag til nytt pkt. i innstillinga.

«Fylkesutvalet ber om at fristen på overgong mellom sentralane vert reell på 3 mnd. Dvs at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgong.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til nytt pkt vart vedteke mot 3 røyster FRP og Eli Berland (H).

Stein Inge Ryssdal sit forslag til vedtak vart vedteke mot 4 røyster (A).

## Innstilling

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemda til orientering, og godkjenner endringa i drosjereglementet slik det går fram av saka.
2. Fylkesutvalet ber om at fristen på overgong mellom sentralane vert reell på 3 mnd. Dvs at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgong

## Vedtak

Samferdselsutvalet vil be om at det innan 01.06.2014 vert lagt fram ei sak om korleis det for kvart enkelt løyve kan rapporterast total tid i drift og drift i i periodar med etterspørselspress. Likeeins korleis det kan sanksjonerast mot løyve som er lite i bruk. Nødvendige endringar av reglementet som fylgje av dette bør handsamast i saka

## PS 12/14 Ymse

### Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

#### Orienteringar

##### KVU Arna-Voss

Lars Christian Stendal og Lars Rugtvedt frå Jernbaneverket og Kjell Kvåle frå Statene vegvesen orienterte om arbeidet med KVU for jernbane og veg mellom Arna og Voss. Det vart orientert om 5 aktuelle konsept.

##### IS Fjordvegen rute 13

Leiv Vambheim orienterte om IS Fjordvegen sitt arbeid for å skaffa gul stripe på Rv 13 mellom Sandnes og Førde. Det vart orientert om historikk og strategiar for det vidare arbeidet. Det vart oppmoda om aktiv støtte frå utvalet til det arbeidet interessentselskapet gjer.

##### Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om fylgjande tema:

- Det vart innført ein ny «reise-app» den 15. januar. Tilbakemeldingar tyder på at den fungerer godt.
- Oppstart av nye snøggåtanbod der nokre av anbodspakkane er bruttoavtalar.
- Opning av ny snøggåtrute til Nordhordland.
- Regulariteten på ferjesambanda i 2013.
- Nye to-ledda biogasshybridbussar i drift frå hausten 2014.

#### Ymse

**Eli Berland** tok opp kor plansaker som omhandlar samferdselsspørsmål skal handsamast, i KURE eller i SAMU. Det vart peika på ei konkret sak som KURE nettopp har handsama og som omhandlar sentrale samferdselsspørsmål som SAMU burde uttala seg om.

Håkon Rasmussen opplyste om at saka vart handsama i samsvar med gjeldande delegasjonsreglement.

**Tom Skauge** sette fram 2 oversendingar.

##### 1. TRAFIKKULUKKER I GANGFELT

Det har vore ei rekke trafikkulykker i eller ved fotgjengarfelt i Hordaland den siste tida. Dette er alvorlig ettersom dette skal vera eit særlig beskytta område for gåande.

**Spørsmål:** I lys av risikoen vi har erfart ved fotgjengarfelt, vil administrasjonen fremja ei sak med

- a) Oversyn og vurdering av lysforhold ved alle fotgjengarfelt i Hordaland.
- b) Oversyn og vurdering av tid for grønt lys for fotgjenngarar på fotgjengarfelt over Riksvegar i Hordaland.

## 2. INNTEKTSTAP PGA FEIL VED BILETTAVLESING PÅ BYBANE OG BUSS

Valideringsautomatane på bybane og buss er relativt ofte ute av funksjon.

**Spørsmål:** Kan administrasjonen

- a. Gje oversyn over økonomisk tap som er forventa frå feil ved valideringsautomatane.
- b. Informere om tiltak for å auke driftssikkerheit for automatane.

**Wenche Tislevoll** sette fram oversending.

«Me ser av oppslag i bladet Sunnhordland at tilstandane på enkelte av skulerutene våre er kaotiske og slik me opplever det – med elevar som må stå att, og ikkje minst for tryggleiken for dei som er på bussen – er ikkje dette tilfredsstillande.

- Korleis sikrar Skyss at tryggleiken på rutene vert ivareteke?
- Er antall ståplassar på bussen samsvarande med det som vert opplevd som eit greitt sikkerheitsnivå?
- Er rapporteringsrutinane for overskridingar så enkle at desse vert nytta etter intensjonen? (det er ikkje samsvar mellom det bussjåføren rapporterer til pressa og det som skyss gjev tilbakemelding om til pressa)»

Oddmund Sylta orienterte om at dette er ein kjent problemstilling der det er mange elevar som ikkje har «rett» til skyss og vil nytta buss. Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Alf Helge Greaker** sette fram oversending.

"Dei kommersielle ekspressbussane mot Stavanger, Kystbussen og Bus4You, har blitt ein svært viktig del av det regionale og fylkeskryssande busstilbodet. Rutene er integrert i Skyss i sitt ruteinformasjonssystem, og på mange reisestrekningar vert passasjerane bedt om å skifte mellom Skyss sine rutebilar og ekspressbussane.

Imidlertid kjem Kystbussen frå Bergen svært ofte til Leirvik Terminal, nett samstundes med at Skyss si rute 800 Svortland, har avgang. Konkret gjeld dette alle dagar kor Kystbussen har ankomst kl 11:10, 13:10 (laurdag 11:15), 14:10 og så bortetter kvar time. Skyss linje 800 har avgang 11:10, 13:10, 14:10 og så bortetter. I praksis er det svært ofte at Skyss-bussen forlet terminalen når Kystbussen kjem. Laurdagar og søndagar har Skyss 4 avganger på strekninga, men med same dårleg tilpassa avgangstid, med null slingringsmonn.

Dette har halde på over lengre tid og vert opplevd som uforståeleg og unødvendig, spesielt når denne omstigninga kjem fram i Skyss sin ruteinformasjon. Linje 800 mellom Svortland og Leirvik, må betraktast som ei stam- eller hovudlinje for regionen.

Å utsette Skyss sine avganger frå Leirvik med til dømes 5 minuttar, til 11:15, 13:15 o.s.b, vil korrige kreve meir ressursar, verke inn på tilstøtande lokalbussar, eller forseinke ankomst Svortland, men det vil vere ei stor bedring i det regionale kollektivtilbodet. Spesielt når det er veldig få avgangar, som laurdag og søndag, er det enda viktigare at desse harmonerer med resten av kollektivtilbodet. Å få fleire passasjerar til og frå ekspressbussane vil alle partar tene på.

Samferdselsutvalet ber difor Skyss om å regulere desse aktuelle avgangene på denne måten, slik at rutebilavgangene harmonerer med ekspressbussen sin ankomst Leirvik."

**Atle Kvåle** stilte spørsmål om status for arbeidet med innfartsparkering.

Håkon Rasmussen opplyste om at den nedsette arbeidsgruppa vert aktivsert innan kort tid.

**Neste møte i samu**

På neste møte vert det vert lagt opp til ei synfaring i området som vert utgreidd for ny regional hamn ved Flesland. Ein legg opp til oppstart kl 09.00 med synfaring frå land og sjø, samt møte med interessentane i området. Møte i utvalet vil ta til om lag kl 13.00. Tidspunkt for gruppemøte kjem ein attende til.